



Saksframlegg

Søknad om tilskot frå næringsfondet - Lund Service

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		13.05.2026

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

Søknad om tilskot frå næringsfondet – Lund Service v/Dag Kjetil Lund
Reglar for bruk av næringsfondet – Fyresdal kommune

Vedlegg

- 1 Søknad om tilskot frå næringsfondet - Lund Service

Bakgrunn for saka:

Dag Kjetil Lund driv føretaket Lund Service, og søker no Fyresdal kommune om etablerartilskot for å gå frå deltid/hobby, til å drive i eige føretak på heiltid. Lund etablerte føretaket attende i 2018, under namnet Lund Service, med org.nr. 920 734 111.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035, strategi for næring og arbeidsliv; kommunen skal legge til rette for næringsutvikling ved å legge til rette for berekraftige og grønne arbeidsplassar, samt å take vare på primærnæringane, og reglar for bruk av næringsfondsmidlane vedteke av kommunestyret i Fyresdal 28.01.2016 – sak 2015/631.

Dag Kjetil Lund etablera enkeltmannsføretaket Lund Service med org.nr. 920 734 111 16.04.2018. Føretaket ligg i næringskode 81.230 «Annen rengjøringsvirksomhet og snømåking» med aktivitetane *brøyting, maskinkjøring, vaktmestertjenester, transport/varetaxi samt utleie hestehenger og varehenger*. (ref. Brønnøysundregisteret).

Lund har til no drive føretaket som deltidsarbeid/hobby, og har tilbydd tenester som maskinkjøring, gravetenester, produksjon av ved, beitepussing, manuell tømmerhogst, massetransport, transport av rundballar m.m. Lund har no vald å satse heiltid på levering av slike tenester, og leiger seg i tillegg ut som maskinkøyrar for Nordby Maskin ved datasenteret. På sikt ser Lund for seg at ein kanskje må tilsette ein person i føretaket for å rekke over arbeidsoppgåvene i føretaket.

Lund søker spesifikt om etablerartilskot. Eit etablerartilskot er meint å vere eit stimuli til å starte eiga verksemd, då ein ved oppstart kan ha behov for startkapital. Tilskotet er meint å dekkje kostnadar ved etablering; etableringskostnadar i Brønnøysundregistret, rekneskapsprogram/tenester, pc og programvare, bekledning, profilering m.m. Dette er kostnadar Lund i all hovudsak hadde ved etablering i 2018, og som etter etablering inngår som driftskostnadar.

Lund har ikkje lagt ved noko eige budsjett eller finansieringsplan, ana enn det som kjem fram av søknadsskjema. Det er ikkje ført opp kostnader i prosjektet, og heller ikkje finansieringskjelder, eigenkapital eller eigenandel. Dette er grunngjeve med at Lund gjennom dialog med kommunen ynskja å kome fram til kva dokumentasjon/utgifter m.m. ein hadde behov for ved handsaming av søknaden. Sakshandsamar har difor vore i dialog med Lund, for å sjå på innhald og moglegheit i søknaden.

I dialog med søkjar er det gjort klart kva som ligg i tildeling av *etablerartilskot*. Lund har ikkje pådratt seg utgifter som fylje av overgangen frå deltid til heiltid i eige føretak, og Lund ser heller ikkje kva slike utgifter konkret vil vere. Det er inga reell etablering/reetablering av føretaket om ein utvidar frå deltid til heiltid i same org.nummer, same næringskode, og same arbeidsfelt. Sjølv om det er ein risiko å gå frå løna arbeid til å drive eige føretak på heiltid, har Lund eliminert denne risikoen ved hundre prosent utleige til Nordby Maskin ved datasenteret. Ut ifrå søknad og påfølgjande dialog, ser ein ikkje at det er grunnlag for å stø Lund Service med eit etablerartilskot.

Konklusjon:

Det er svært positivt at Lund no satsar heiltid i eige føretak. Likevel må ein ta omsyn til at Lund Service er etablert attende i 2018, og at kostnadane eit etablerartilskot er meint å dekkje, allereie er dekt i føretaket attende i tid. I dialog med Lund er det ikkje funne grunnlag for å innvilge eit etablerartilskot til føretaket, og sakshandsamar rår ti å avslå søknaden frå Dag Kjetil Lund.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Dag Kjetil Lund får avslag på sin søknad om etablerartilskot for etablering av Lund Service. Avslaget grunngjevast med at føretaket er etablert attende i 2018, føretaket driv i same næringskode/aktivitetskategori, og at det ikkje kan dokumenterast særskilde utgifter eller risiko knytt til overgang frå deltid til heiltid i eige føretak.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef